



Nyskapande blomedekorasjon ved Eikebrua

Mange har merka seg fem blomestrukker plassert tett ved Fylkesvegen ved Eikebrua. Det er Magne Eik som er kunstnaren bak denne nyskapinga. Pynten er laga av avskorne og målte bildekk.

Redaksjonen har snakka med Magne Eik om bakgrunnen for tiltaket. Han har glede i å vera kreativ og brukar gjerne gamle ting i arbeidet med å skapa noko nytt. Med vinkelslipar deler han dekk på langs, bøyer banen under og festar det med skruer.

Dekka vert så målt med Drygolin eller Akrylmåling.

Heime i tunet har han laga dekorasjonar av bremsetromler. Eldre bildeler eignar seg godt til dette føremålet. Tiltaket til Magne Eik er alt vorte kjend i kommunen. Nokre billistar stoppar og ser på kunstverket.

Etter at vi la ut denne saka har vi fått ei kjekk tilleggsopplýsning. Beate Valvik som har hytte på Eikelandet Brygge, kan fortelja at besteforeldra hennar, Helga og Trygve Haugland, hadde same type 'blomsterkassar' i hagen sin. Desse hugsa ho godt, og ho la merke til Magne Eik sine sist helg då ho var på Eikelandet. Ho fortel også at det var mor hennar Turid Valvik, med jentenamnet Haugland, som stod for designet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal